



## MØTEPROTOKOLL

---

|                  |                                            |
|------------------|--------------------------------------------|
| <b>Utval:</b>    | Utval for levekår                          |
| <b>Møtedato:</b> | 19.05.2026                                 |
| <b>Møtetid:</b>  | 09:00 - -12:15                             |
| <b>Møtestad:</b> | Kommunehuset, Frekhaug., Formannskapssalen |

---

### Frammøtte faste medlemmer

| Namn                | Rolle     | Parti | Merknad |
|---------------------|-----------|-------|---------|
| Kjell Idar Vangberg | leiar     | AP    |         |
| Kari Solveig Sæthre | nestleiar | SV    |         |
| Vigdis Villanger    | medlem    | SP    |         |
| Matias Hatland Våge | medlem    | AP    |         |
| Ida Rambech         | medlem    | H     |         |
| Asle Hetlebakke     | medlem    | KRF   |         |
| Joakim Byrknes      | medlem    | KRF   |         |
| Marius Hellan       | medlem    | V     |         |
| Hindenes            |           |       |         |

### Faste medlemmer som ikkje møtte

| Namn                            | Rolle | Parti |
|---------------------------------|-------|-------|
| Tone-Marit Øvretveit Dyrkolbotn | MEDL  | AP    |
| Jon Askeland                    | MEDL  | SP    |
| Marie Mostraum                  | MEDL  | FRP   |

### Frammøtte varamedlemmer

| Namn           | Rolle      | Parti | Merknad |
|----------------|------------|-------|---------|
| Noah Sellevoll | varamedlem | AP    |         |

|                     |            |     |
|---------------------|------------|-----|
| Gunn Tove Kalnes    | varamedlem | SP  |
| Skjervheim          |            |     |
| Nina Stabell Øvreås | varamedlem | FRP |

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Veronika Sjursæter Eide

Møtesekretær

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Veronika Sjursæter Eide

Møtesekretær

## Sakliste

| <b>Saksnummer</b> | <b>Sakstittel</b>                                           | <b>Unntak frå innsyn</b> |
|-------------------|-------------------------------------------------------------|--------------------------|
| PS 21/26          | Godkjenning av innkalling og sakliste                       |                          |
| PS 22/26          | Godkjenning av møteprotokoll - Levekår 05.05.26             |                          |
| PS 23/26          | Plansak kommunedelplan, barnehage- og skulebruksplan fase 2 |                          |

## PS 21/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Utval for levekår - 19.05.2026:

Innkalling og sakliste er samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for levekår - 19.05.2026:

Innkalling og sakliste er godkjent.

PS 22/26 Godkjenning av møteprotokoll - Levekår 05.05.26  
Godkjenning av møteprotokoll - Levekår 05.05.26 11.05.2026  
00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 19.05.2026:

I møteprotokoll sak PS 18/26 står representant Kari S.Sæthre oppført fra partiet SP men rett parti er SV.

Møteprotokollen med merknad er samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for levekår - 19.05.2026:

Møteprotokoll med merknad er godkjent.

PS 23/26 Plansak kommunedelplan, barnehage- og skulebruksplan  
fase 2 Plansak kommunedelplan, barnehage- og skulebruksplan fase 2  
12.05.2026 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 19.05.2026:

**Framlegg frå Kari S.Sæthre-SV:**

Gå tilbake til det opprinnelige farmlegget i Fase 2.,

For å ta på alvor å utvikle bygdene, og tilrettelegge for arbeidsplasser og servicetilbod i heile kommunen,

må nærskulane oppretthaldast i størst mogeleg grad.

Holsenøy treng 3 barneskular og ein ungdomsskule.

Radøy treng 3 barneskular og ein ungdomsskule.

Gamle Lindås har flest innbyggjarar og størst areal og treng 5 til 6 barneskular og 3 ungdomskular.

Kommunen treng friske pengar, og det er det no berre eigedomsskatt som kan gje.

Vi vil stoppe framlegget til kommunedirektøren slik det ligg føre.

**Framlegget fall med 3 røyster for mot 8 røyster mot (Kjell Idar Vangberg-AP, Matias Våge-AP, Noah Sellevoll-AP, Ida Rambech-H, Nina S Øvreås-FRP, Joakim Byrknes-KRF, Asle Hetlebakke-KRF, Marius H. Hindenes-V)**

**Framlegg frå Gunn-Tove Skjervheim-SP, Vigdis Villanger-SP;**

Utval for levekår viser til at dei framlagde vurderingane viser negative konsekvensar for barn, elevar, familiar, tilsette og lokalsamfunn ved dei foreslåtte skulenedleggingane og strukturendringane. Dette gjeld mellom anna lengre reiseveg, tap av nærskule, utryggleik i overgangar, svekka nærmiljø og auka belastning for barn og familiar.

Utvalet legg òg vekt på at prosessen over tid har skapt svært stor uro i bygder, familiar, elevgrupper og blant tilsette. Uvissa knytt til framtidig skulestruktur påverkar skulemiljø, rekruttering, stabilitet og tillit. Utvalet er kjent med at tilsette sluttar eller vurderer å slutte som følgje av den langvarige uroa og manglande avklaringa.

Utvalet ser svært alvorleg på at det i arbeidet med barnets beste-vurderingane er avdekt bruk av KI-genererte og feilaktige forskingskjelder. Dette gjeld eit sentralt kunnskapsgrunnlag i saka, og har svekka tilliten til prosessen ytterlegare. Utvalet meiner at

tilliten til skulebruksplanarbeidet blant innbyggjarar, foreldre, elevar og tilsette no er så svekka at saka ikkje bør førast vidare.

Utvalet meiner at omsynet til barnets beste, trygge og stabile oppvekstmiljø, føreseielege arbeidsplassar og levande lokalsamfunn må vege tyngre enn den kortsiktige økonomiske innsparinga som ligg til grunn for forslaget.

På denne bakgrunn blir arbeidet med skulenedleggingar og omfattande strukturendringar i barnehage- og skulebruksplan fase 2 stoppa. Saka blir ikkje sendt på høyring.

Kommunedirektøren får i oppgåve å kome tilbake med alternative tiltak for å løyse kommunen sine økonomiske utfordringar, utan skulenedleggingar som tiltak. Desse alternativa skal greiast ut som del av det vidare budsjett- og økonomiplanarbeidet.

**Framlegget fall med 3 røyster for mot 8 røyster mot (Kjell Idar Vangberg-AP, Matias Våge-AP, Noah Sellevoll-AP, Ida Rambech-H, Nina S Øvreås-FRP, Joakim Byrknes-KRF, Asle Hetlebakke-KRF, Marius H. Hindenes-V)**

#### **Framlegg frå Asle Hetlebakke-KRF:**

Endringsforslag:

Orda "i minimum seks veker" vert endra til "med høyringsfrist 30. september 2026."

**Framlegget vart samrøystes vedteke.**

#### **Framlegg frå Joakim Byrknes-KRF:**

Endringsforslag:

Levekårsutvalet ber administrasjonen om å greie ut samfunnsmessige konsekvensar utover det som allereie er belyst i saka. Utgreiinga skal gjennomførast i samband med høyringsperioden.

Utgreiinga skal leggje vekt på den langsiktige attraktiviteten for Alver kommune i samband med strukturtiltak i skulen.

Utgreiinga skal òg leggje vekt på moglege konsekvensar ved til dømes rekruttering til helse ved å gjere endringar i skulen.

**Framlegget vart samrøystes vedteke.**

#### **Framlegg frå Gunn-Tove Skjervheim-SP:**

Utval for levekår viser til vedtaket frå 27. januar 2026, der skulebruksplanen vart sendt tilbake til administrasjonen fordi saka ikkje var forsvarleg utgreidd og ikkje oppfylte krava

til forsvarleg saksutgreiing. Utvalet kravde då ny saksutgreiing med særleg vekt på reell forankring i kommuneplanen sin samfunnsdel, konkret og integrert vurdering av barnets beste, og heilskapleg konsekvensutgreiing av samfunnsmessige verknader og alternative løysingar. Utvalet vedtok òg at saka ikkje skulle leggjast ut på høyring før desse forholda var tilfredsstillande utgreidde.

Utvalet vurderer at denne føresetnaden framleis ikkje er oppfylt.

Utvalet legg særleg vekt på at barnets beste-vurderingane framleis er førebelse, og at administrasjonen sjølv legg opp til at den endelege og heilskaplege vurderinga først skal gjennomførast etter høyringsperioden. Dette er ikkje i tråd med bestillinga om ei konkret og integrert barnets beste-vurdering før høyring.

Utvalet ser òg svært alvorleg på at det i arbeidet med barnets beste-vurderingane er avdekt bruk av KI-genererte og feilaktige forskingskjelder. Dette gjeld eit sentralt kunnskapsgrunnlag i saka, og har svekka tilliten til prosessen blant innbyggjarar, foreldre, elevar og tilsette.

Utvalet legg vidare vekt på at prosessen over tid har skapt stor uro i bygder, familiar, elevgrupper og blant tilsette. Uvissa knytt til framtidig skulestruktur påverkar skulemiljø, rekruttering, stabilitet og tillit.

Dei framlagde vurderingane viser at skulenedleggingane vil ha negative konsekvensar for barn, elevar, familiar, tilsette og lokalsamfunn, mellom anna gjennom lengre reiseveg, tap av nærskule, utryggleik i overgangar og svekka nærmiljø. Utvalet meiner at konsekvensane for læringsmiljø, trivsel, mobbing, fråvær, fagleg utvikling og oppfølging av sårbare elevar ikkje er tilstrekkeleg konkret utgreidde.

På denne bakgrunn blir saka ikkje lagt ut på høyring no.

Kommunedirektøren får i oppgåve å kome tilbake med eit nytt og forsvarleg saksgrunnlag, i tråd med vedtaket frå 27. januar 2026. Saksgrunnlaget skal særleg vise korleis barnets beste er konkret vurdert og vekta for kvart enkelt tiltak, korleis innspel frå barn og unge er innhenta og vurdert, og kva samfunnsmessige konsekvensar tiltaka vil ha for bygder, familiar, tilsette og lokalsamfunn.

Kommunedirektøren skal samstundes kome tilbake med alternative tiltak for å løyse kommunen sine økonomiske utfordringar, utan skulenedleggingar som føresetnad.

**Framlegget fall med 3 røyster for mot 8 røyster mot (Kjell Idar Vangberg-AP, Matias Våge-AP, Noah Sellevoll-AP, Ida Rambech-H, Nina S Øvreås-FRP, Joakim Byrknes-KRF, Asle Hetlebakke-KRF, Marius H. Hindenes-V)**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 8 røyster for mot 3 røyster mot (Gunn-Tove Skjervheim-SP, Vigdis Villanger-SP, Kari Sæthre-SV)**



Vedtak i Utval for levekår - 19.05.2026:

Kommunedirektøren sine forslag til endringar i barnehage- og skulebruksplanen, inkludert forslag til justert Forskrift om skulekrinsar for Alver kommune blir sendt til offentlig høyring og ettersyn i minimum seks veker.

Utval for levekår ber om at kommunedirektøren gjennomfører medverknadsprosess og dialogmøte i høyringsperioden, i samsvar med det som er skissert i saksframlegget.

Saka skal tilbake til politisk handsaming i den politiske møterunden i november, med endeleg vedtak i kommunestyret 26. november 2026.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova kapittel 11 (§11-14): Høyring av planforslag.

- Levekårsutvalet ber administrasjonen om å greie ut samfunnsmessige konsekvensar utover det som allereie er belyst i saka. Utgreiinga skal gjennomførast i samband med høyringsperioden.  
Utgreiinga skal leggje vekt på den langsiktige attraktiviteten for Alver kommune i samband med strukturtiltak i skulen.  
Utgreiinga skal òg leggje vekt på moglege konsekvensar ved til dømes rekruttering til helse ved å gjere endringar i skulen.
- Orda "i minimum seks veker" vert endra til "med høyringsfrist 30. september 2026."

